



Bkk Nett AS
John Monstad
Postboks 7050
5020 BERGEN


Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10710 - 22/10927

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:
07.02.2022

Vurdering av planstatus for etablering av ny lågspenteledning - gbnr 215/68 og 215/15 Eidsnes ytre

Vi syner til Dykkar brev vedkomande etablering av ny lågspenteledning, der det går fram at eksisterande leidningsnett som har forsyna to eigedomar med straum er for svakt. Det er ikkje sagt noko om ein skal erstatte punktfester eller anna konstruksjonar knytt til dette, og i vår uttale legg vi difor til grunn at ein skal nytta eksisterande stolper/punktfester for den nye linja.



Området ligg i det som i kommuneplana er sett av til LNF-føremål på land og primært fiskeområdet i sjø. Samstundes ligg det innafør omsynsone naturmiljø.

Dersom det skal leggst sjøkabel må det også ligge føre løyve etter farvannslova.

Dersom arbeid kun er knytt til utskifting av leidningsnett vil ikkje arbeidet krevje dispensasjon frå planføremåla. Men som nemnd tidligere, vil det krevje dispensasjon om ein også skal skifte ut mastar og anna festekonstruksjonar.

Dersom vi skal handsame denne dispensasjona er det naudsynt å ettersende målsette teikningar og plassering i kart.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bkk Nett AS

Postboks 7050

5020

BERGEN